

Utviklingstrekk

KUNNSKAPSGRUNNLAG FOR KOMMUNAL PLANSTRATEGI



Innleiing

Dette dokumentet skal primært nyttast som grunnlag for arbeidet kring mål, strategiar og planoppgåver i samband med kommunal planstrategi i Askvoll kommune. Kommunen skal vurdere om kommuneplanen skal vedtakast på nytt, eller om det er behov for revisjon.

Ein viktig del av grunnlaget for å vurdere om kommuneplanen skal reviderast vil vere utviklingstrekk og utfordringane kommunen har som samfunn og organisasjon, erfaringane med gjeldande kommuneplan, samt i kva grad det nye kommunestyret ønskjer ein ny eller endra politikk for kommunen.

Innhald

Oversiktsarbeidet med utviklingstrekk er viktige delar av kommunen sitt folkehelse-, budsjett- og planleggingsarbeid. Dokumentet tek utgangspunkt i nasjonal og regional statistikk for å forsøke å skape eit bilete av kommunen, kva status er, har vore og kva utfordringar og moglegheiter ein ser framover. Det er lagt vekt på å få fram kva samfunn det er sannsynleg at vi får, med framskrivingar og kort analyse.

Til slutt i dokumentet er ei oppstilling av dei utfordringane kommunen står føre og forslag til tema og satsingsområder til kommunen sitt planarbeid.

Val av tema og indikatorar i dokumentet er basert på vegleiar frå regjeringa, medan kunnskapsgrunnlaget er henta frå dokumenta «*Vestland - Statistikk og utviklingstrekk*» og «*Folkehelseoversikt for Askvoll kommune 2020-2023*». I tillegg er data henta frå SSB, Miljødirektoratet, Statistikk i Vest og Telemarksforsking sine regionale analyser.

Talking

Statistikk er ikkje eit eksakt bilete på verkelegheita, og det er naudsynt å diskutere kva som eventuelt ligg bak tala før det kan konkluderast med at ein står ovanfor ei utfordring eller noko positivt som kan byggast vidare på.

Askvoll kommune, Mai 2020.

Innhald


- | | |
|---|-------|
| 1. Demografi | s. 3. |
| 2. Folkehelse | s. 9 |
| 3. Næringsliv | s. 12 |
| 4. Bustadutvikling | s. 20 |
| 5. Infrastruktur og samferdsel | s. 24 |
| 6. Klima og miljø | s. 26 |
| 7. Kommunal tenesteyting | s. 31 |
| 8. utfordringar og ressursar i Askvoll | s. 38 |
| 9. Forslag til tema og satsingsområder for kommunen sitt planarbeid | s. 41 |

1. Demografi

- Folketalsutvikling

Ved inngangen av 1. kvartal 2020 hadde Askvoll kommune 3011 innbyggjarar. Ein nedgang på 27 personar frå inngangen av 1. kvartal 2019.

Folketalet i Askvoll kommune sank med om lag 400 personar mellom år 2000 og 2010. Sidan 2010 har Askvoll klart å snu nedgangen og stabilisert folketalet i overkant av 3000 innbyggjarar.




Figuren syner folketalet ved inngangen av fyrste kvartal. Kjelde SSB.

- Fødselsoverskot og innflytting

Ser vi på siste 10 års periode har det stort sett vore fødselsoverskot, med unntak av 2011 og 2012.

I same periode har Askvoll stort sett hatt positiv nettoinnflytting. Men i 2019 var nettoinnflytting – 25. Nettoinnflytting vil seie innflytting minus utflytting, inkludert inn- og utvandring.



Figuren syner fødselsoverskot og nettoinnflytting. Kjelde SSB.


1. Demografi

- Flytting og alder

Unge folk mellom 18 og 35 flyttar mest. Ein del av desse har med seg små barn. Noko som gjer at også mange barn flyttar.

Flyttemønsteret forsterkar dermed aldringa på to måtar:


- Unge menneske i fruktbar alder flytter mot byen, og i tillegg blir dermed også barna i større grad født sentralt.
- Dei eldre blir igjen på bygda



Tal på flyttarar per eittårig alder i Askvoll i 2018. Den svarte streken syner nettoutflytting etter alder. Dei fleste plassar har netto utflytting av unge mellom 18 og 25 år. Kjelde: Telemarksforsking.

- Krinsvise endringar

Kommunesenteret Askvoll har hatt ein auke på 72 personar dei siste seks åra, medan Holmedal/Bakke har fått 24 fleire innbyggjarar i same periode. Størst nedgang i folketalet har det vore i Stongfjorden og Vårdal.



Figuren syner dei krinsvise folketalsendringane i perioden 2014 til 2019. Tal frå SSB.

1. Demografi

- Framskriving av folketalet


Noverande og framtidig alderssamansetnad har verknad på planlegging av det kommunale tenestetilbodet. Basert på scenarioa i attraktivitetsmodellen til Telemarksforsking, og SSB sine prognoser, kan vi gjette oss til den framtidige befolkningsutviklinga i Askvoll.

Om attraktiviteten dei neste to tiåra blir låg, eller lik den historiske attraktiviteten, vil folketalet i 2040 vere mellom 2 334 og 2768. SSB sitt hovudalternativ anslår 2699 innbyggjarar. Med høg attraktivitet vil folketalet kunne bli 2941 i 2040.

Hovudalternativet til fylkesprognosane Vestland frå 2019 er langt meir optimistisk enn framskrivingane til SSB. Den prognosen seier at folketalet i Askvoll vil halde seg stabilt i åra som kjem og barn og unge i alderen 0-19 år aukar litt. Men også den seier at tal på innbyggjarar 20-66 år fell mot 2040 og at del eldre over 75 aukar mykje.

Ein må vere medviten om at prognosane sjeldan treff folketalet eksakt og ikkje er fasit på framtidig utvikling. Prognosane avheng av fruktbarheit, dødelegheit, inn- og utvandring og flytting. I langsiktig planlegging må ein difor nytte prognosar med varsemd.

Forventet utvikling




Scenario for folketalet i Askvoll fram mot 2040.
Figur frå [Telemarksforsking, 2018](#).

1. Demografi

- Framtidig aldersfordeling

I framskrivingperioden ser ein at det er endringar i aldersgruppa 0-19 år. Store endringar mot 2040 ser ein i aldersgruppa 10-19 år og 60-69 år. Ein ser og ein betydeleg auke i aldersgruppa over 80 år.

Framskriving for aldersgrupper




Framskriving for ulike aldersgrupper. Kjelde SSB, 2020.

- Framskriving barn

Det er 530 barn mellom 0-15 år i Askvoll i dag. Figuren under syner SSB si prognose basert på dei ulike framtidsscenarioa for attraktivitet og framskrivingar for folketalsvekst.

Hovudalternativet seier at det skal vere 410 barn mellom 0 og 15 år i 2040. Legg ein til grunn høg attraktivitet vil talet kunne verte 509 personar.




Framskriving av tal barn 0-15 år basert på ulike attraktivitetsscenario. Figur frå Telemarksforsking.

1. Demografi

- Framskriving eldre

Figuren under syner tal på eldre over 80 år i Askvoll. Denne gruppa er ikkje venta å auke mykje dei neste 5 åra. Men veks til 309 personar i 2030, og vidare til 384 personar i 2040.

Det har innverknad på korleis kommunen bør planlegge samfunnsutviklinga generelt, og for dimensjonering av eldreomsorga spesielt.




Figuren syner framskrive folketal over 80 år i Askvoll kommune. Kjelde: SSB, 2020.

- Bur åleine

I aldersgruppa 45 år og eldre er andelen som bur åleine ikkje signifikant forskjellig frå nivået i landet. Talet har auka dei siste 5 åra.

42,5 % av alle over 75 år bur åleine. Snitt for landet er 44,7 prosent.



Figuren syner personar som bur åleine i prosent i 2019. Åleinebuande er rekna å vere ei utsatt gruppe, både økonomisk, helsemessig og sosialt. Åleinebuande som gruppe har høgare uføregard og er oftare uførepensjonert enn dei som ikkje er bur åleine.


Kjelde: FHI, 2020.

1. Befolkningsutvikling

- Yrkesaktive per pensjonist

Det vil bli ei større forsørgjarbyrde i Norge dei neste åra, i tydinga av det vil bli stadig færre personar i arbeidsdyktig alder per pensjonist. Det betyr at tal skattebetalarar per pensjonist søkk. Nedgangen i tal personar i yrkesaktiv alder per pensjonist i Askvoll starta rundt 2002, og vil fortsette å gå ned uansett framtidsscenario.

SSB-alternativet anslår at det vil vere 1,51 yrkesaktiver per pensjonist i Askvoll i 2040. Talet i dag er om lag 2,1.




Figuren syner forsørgjarbyrden for ulike attraktivitetsscenario. Frå Telemarksforsking, 2018.

- Innvandring

Figuren syner at kommunen no har eit mangfald i befolkninga. Andelen innvandrarakar utgjorde i 2019 rundt 8 % av befolkninga. Dei fleste frå land i Europa.

Arbeidsinnvandring og familieinnvandrarakar er den dominerande gruppa. Tal på innvandrarakar tek ikkje opp i seg asylsøkjarakar sidan folketal er basert på innbyggjarar som har fått opphaldsløyve

Personer med innvandrerbakgrunn. Utvalgte land



Figuren syner innvandrarakar og norskfødde med innvandrarforeldre. Kjelde: SSB. 2020.

2. Folkehelse

Innbyggjarane er den viktigaste ressursen i Askvoll kommune.

Innbyggjarar med god helse er ein føresetnad for at kommunen utviklar seg på ein berekraftig måte.


Folkehelsa i Askvoll er i hovudsak god. Folkehelsekartlegginga i 2019 syner at Askvoll kommune kjem bra ut på mange indikatorar for folkehelse. Det syner også Folkehelseinstituttets sin årlege folkehelseprofil.

Materialet syner at det er gode levekårshforhold i kommunen. Få barn og unge veks opp i låginntektsfamiliar, bur trengt eller er barn av einslege forsørgjarar. Askvoll er ein kommune med relativt låge økonomiske skilnader i befolkninga. Dette er eit viktig fortrinn, og er ei hovudmålsetting i folkehelsearbeidet.

Askvoll har også relativt få personar som treng stønad til livsopphald. Helsetilstanden er i hovudsak god og Askvoll har få personar som slit med psykiske symptom- og lidningar og muskel- og skjelettlidingar.

Det er få elevar ved skulane i Askvoll på det lågaste meistringsnivået i lesing blant femteklassingane. Askvoll har også ein høgare del 30-39 åringar med fullført VGS eller høgare utdanning enn snitt for landet.

Høg valdeltaking i både lokalval og Stortingsval tyder på at innbyggjarame er engasjerte og tek del i samfunnet generelt. På lokalt nivå kan det og vere ein indikator på tillit.



FHI sin folkehelseprofil for Askvoll kommune 2020. Dei raude (signifikant dårlegare), gule (ikkje signifikant skilnad) og grøne (signifikant betre) sirklane syner verdiane til Askvoll. Grå «stjerner» er snitt for fylket. Den raude linja er gjennomsnitt for landet. På nettsida kan ein trykke på kvar enkelt indikator for meir informasjon. Kjelde: FHI, 2020.

2. Folkehelse - utfordringar


Folkehelseoversiktsdokumentet for Askvoll løftar fram fire utfordrande utviklingstrekk for Askvoll kommune.

1. Dei sosiale skilnadane i helse aukar

Dei økonomiske skilnadane blant befolkninga i Norge har auka, også i Askvoll.

Andelen som bur i hushald med låg inntekt er lågare enn i landet som heilskap, men talet har vakse dei siste åra og var i 2018 på 10,3 %. Tal på barn under 18 år frå hushald med låg inntekt var i 2018 11,7 %.


Helse og deltaking i samfunn er område som blir råka negativt av auka sosial ulikskap. Det kan ha konsekvensar for enkeltmenneske og for samfunnsutviklinga som heilskap.



Figuren syner talet på hushald med låg inntekt i prosent. Hushald med låg inntekt vil sei at inntekta er under 60 prosent av median hushaldsinntekt i Norge, og at brutto finanskapital er under 1G. Kjelde FHI, 2020.

Askvoll har færre innbyggjarar som får stønad til livsopphald enn snitt for fylket og landet. Men framleis er det relativt mange personar i alderen 30-44 år som tek i mot stønad.

Det er fleire elevar no enn tidlegare som ikkje fullfører VGS og høgare utdanning enn tidlegare. Nesten ein av fem unge fullfører ikkje vidaregåande skule.



Figuren syner fråfall i vidaregåande skule i prosent. Fråfallet inkluderer alle som ikkje oppnådd studie- eller yrkeskompetanse etter 5 år. Det er tatt utgangspunkt i bustadkommune ved fylte 16 år. 3 års glidande gjennomsnitt. Kjelde: FHI, 2020.


2. Folkehelse - utfordringar

2. Psykisk helse og livskvalitet

Ikkje alle elevar trivst på skulen. Tidstrenden syner del ungdomsskuleelvar som er nøgde med skulen dei går på har gått ned dei siste 10 åra.

Nokre elevar oppgjev å oppleve mobbing (Ungdata 2017).

Ein del unge opplever einsemd. Nær 2 av 10 elevar ved ungdomsskulen rapporterer at dei er ganske eller mykje plaga av einsemd (Ungdata 2017)



Figuren syner del elevar som trivst godt på skulen i prosent av alle som har svart på undersøkingane. 5 års glidande gjennomsnitt.

Kjelde: FHI, 2020.

3. Fysisk aktivitet, overvekt og røyking

Det er få i befolkninga som føl anbefalingane for fysisk aktivitet. Det aukar risiko for ei rekkje livsstilsrelaterte sjukdomar.

Overvekt og ferme gjev auka risiko for mange sjukdomar og kan ha alvorlege psykiske helsekonsekvensar. Om lag 1 av 6 barn og 1 av 4 unge og vaksne utviklar overvekt eller ferme.

Folkehelseundersøkinga i Sogn og Fjordan syner at det er mange i HAFS-regionen som framleis røyker.

4. Befolkningssamansetnad


Ei aldrande befolkning kan gje auke i kroniske og aldersrelaterte sjukdommar (m.a. demens og kreft) og fleire pleietrengande innbyggjarar.

Nedgang i tal personar i produktiv alder og færre yrkesaktive per pensjonist kan gje redusert tilgang til arbeidskraft og mindre kommunale inntekter.

3. Næringsliv - Arbeidsplassar

Askvoll hadde 1136 registrerte arbeidsplassar i 2019. Det var ein nedgang på 31 frå året før. Offentlege arbeidsplassar auka med 13, medan det vart 44 færre private arbeidsplassar.

Flest arbeidsplassar var registrert i 2007 (1257), medan det vart færre dei følgjande åra, med ein botn i 2014 (1060). Talet på arbeidsplassar auka deretter i perioden 2014-2018.




Figuren syner tal arbeidsplassar i offentlig og privat sektor i Askvoll i perioden 2000 til 2019. Kjelde: Telemarksforsking.

- Relativ arbeidsplassutvikling

Utviklinga av tal arbeidsplassar i Askvoll syner ei svak utvikling målt opp mot utviklinga i resten av landet.

Ein indeksverdi under 100 betyr at utviklinga har vore lågare enn snitt for landet.




Figuren syner utvikling i tal arbeidsplassar, indeksert og vekta mot den nasjonale indeksen. Nivå i år 2000 = 100. Kjelde: Telemarksforsking.

3. Næringsliv - Næringsstruktur


I Askvoll er det flest arbeidsplassar innan helse- og sosial. Dernest kjem jordbruk, skogbruk og fiske. Bygge- og anleggsverksemd og undervisning har om lag like mange sysselsette og er tredje største næringsområde. Deretter kjem transport, handel og industri.

Yrkesdeltakinga i Askvoll er høg. Av alle mellom 15 og 74 år var deltakinga i 2019 på 69,4 %. Dette er det høgste sidan 2013. Snitt for landet var 67,1 %.



Figuren syner fordeling av sysselsette i Askvoll i 2019 fordelt på næringsområder.
Kjelde: SSB.

Næringslivet i Askvoll har ein høg konsentrasjon innan fisk (fiske og havbruk). Det er også relativt mykje næringsliv innan landbruk, sjølv om det har blitt 76 færre arbeidsplassar sidan 2010. Askvoll har og ein noko høgare del av næringslivet i næringsmiddel-industri og transport enn elles i landet.




Figuren syner lokaliseringkvotientar for ulike bransjar i 2019. Talet 1 er snitt for landet. Tal som avvik frå 1 tilseier at Askvoll har relativt lite eller mykje av den bransjen. Kjelde: Telemarksforsking.

3. Næringsliv – Pendlingsmønster

Askvoll har relativt låg arbeidsmarknadsintegrasjon. Arbeidsplassdekninga er samstundes låg, noko som resulterer i negativ netto pendling.

Over ein tredjedel arbeider i næringslivet i kommunen. Under ein tredjedel arbeider i offentlig sektor, medan om lag ein tredjedel pendlar ut av kommunen.




Figuren viser kva næring dei som var busett og sysselsett i kommunen arbeidde i 2019. Basis-næringene er satt saman av dei mest konkurranseutsatte bransjane. Besøksnæringane består av bransjar der bedriftene er avhengig av at kundane møter opp personleg. Dei regionale næringane består av bransjar som hovudsakleg konkurrerer i ein regionalt marked. Kjelde: Telemarksforsking.

I 2019 pendla 482 personar ut av kommunen, ein auke på 20 personar frå året før. Dette gjorde då nesten 1 av 3 sysselsette i kommunen. Flest pendlar til Førde (139 i 2019) og Fjaler (113 i 2019).

Innpendinga var 146 personar i 2019. Talet på personar som jobbar i Askvoll, men bur i andre kommunar har auka noko dei siste åra etter at vi fekk Dalsfjordbrua. I 2014 var innpendling 82 personar.


Pendling inn og ut av kommunen



Figuren syner pendling inn og ut av Askvoll i perioden 2010 til 2019. Kjelde SSB.

3. Næringsliv - Introduksjon til omgrepet attraktivitet

Telemarksforskning har utvikla ein modell som seier noko om attraktiviteten til ein kommune. Modellen seier noko om skilnaden på faktisk utvikling og forventa utvikling. Figurar som er valt ut her bør sjåast i samanheng med heile den regionale analysen frå Telemarksforskning for å forståast fullt ut. Bustadsattraktivitet målar ekstra tilflytting av personer i forhold til kva som er venta, medan ein næringsattraktiv kommune har betre vekst i arbeidsplassar enn venta ut frå dei strukturelle føresetnadane.




Askvoll kommune har stort sett hatt ein negativ næringsattraktivitet og ein positiv attraktivitet for busetjing det siste tiåret. I 2019 var både næringsattraktiviteten og bustadattraktiviteten negativ.

- Tre forhold har ein systematisk og sterk betydning for arbeidsplassvekst i næringslivet:
1. Den nasjonale veksten, det vil sei om næringslivet i Norge har vekst eller nedgang i perioden vi ser på. Den nasjonale veksten er den same overalt.
 2. Bransjesamansetnad på staden. Med ein høg del arbeidsplassar i vekstbransjar, vil det normalt føre til vekst.
 3. Befolkningsvekst har ein direkte effekt på vekst i nokre bransjar, som handel, servering, lokale næringar, bygg og anlegg og eigedom.

3. Næringsliv - Næringsattraktivitet


Utviklinga i tal på arbeidsplassar i næringslivet har vore negativ i perioden 2009 til 2018. Summen av næringsattraktiviteten (1,94 %) og forventa vekst (- 8,27 %) syner den faktisk veksten (- 6,33 %). I 2019 var forventa vekst - 0,29 %, men faktisk vekst vart - 5,94 %. Nærings-attraktiviteten i Askvoll vart rangert som nummer 377 av dei 422 kommunane i Norge i 2019.



Forventa vekst i arbeidsplassar og nærings-attraktivitet i perioden 2009-2018. Næringsattraktivitet er differansen mellom faktisk og forventa vekst. Kjelde: Telemarksforsking.

Næringsattraktiviteten i Askvoll har hatt ei negativ utvikling sidan 2007. Unntaket er 2017 og 2018. Arbeidsplassvekst i næringslivet gav då ei positiv næringsattraktivitet.

I 2019 vart det 31 færre arbeidsplassar og næringsattraktiviteten fall med 5,7 %.



Faktisk og forventa vekst i næringslivet, drivkrefter for vekst og næringsattraktivitet. Figuren viser tre års glidande gjennomsnitt. Kjelde: Telemarksforsking.

3. Næringsliv - sårbarhetsindeks

Ein rapport frå Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommune i 2019 vurderer moglege truslar knytt til næringslivet og rangerer kommunane i ein indeks frå mest til minst sårbare. Her er fire indikatorane samla i ein sårbarhetsindeks der kommunane vert rangert. Det at ein kommune kjem dårleg ut i indeksen, tyder på at tilhøva er dårlegare (med bakgrunn i indikatorane for næringslivet), samanlikna med andre kommunar i fylket. Ein kommune som kjem godt ut, behøver likevel ikkje vere optimal, men det betyr at tilhøva ein måler samla sett er betre enn i dei andre kommunane.

	Einsidig næringsstruktur i privat sektor	Konkurransettsatte næringar	Naturbaserte næringar	Offentleg sektor	Sårbarhetsindeks
Hyllestad	67	88	35	5	49
Solund	17	35	81	18	37
Askvoll	22	12	73	13	30
Fjaler	22	0	27	7	14

Kommunar med best score på ein gitt trugsel, får indeksverdien 0. Kommunen med dårlegast score får 100. Indikatorane er vekta likt. Kjelde: Fylkeskommunen, 2019.



På sårbarhetsindeksen kjem næringslivet i Askvoll kommune ut midt på treet blant kommunane i Vestland fylke.

- Næringsstrukturen i privat sektor er relativt variert. Jo større spreininga er over fleire næringar, jo meir robust er næringslivet i kommunen.
- Ein relativt liten del sysselsette arbeider i konkurranseutsatte næringar (4 % mot 8 % gjennomsnitt i landet, 2017).
- Askvoll kommune har som vi har sett svært mange sysselsette innan naturbaserte næringar (femte høgast av kommunane i Vestland). Naturbaserte næringar kan vere sårbare grunna venta rasjonalisering og tendens til aukande internasjonal konkurranse ved nedbygging av handelsbarrierar. Klimaendringar kan også spele inn og påverke tilhøva og kostnader for fleire naturbaserte næringar.
- Del sysselsette i offentleg sektor i kommunane i Noreg er tilnærma 35 prosent, og Askvoll skil seg lite frå det. Offentlege arbeidsplassar bidreg til å gjere den regionale arbeidsmarknaden meir attraktiv og robust gjennom tilførsel av høg kompetanse og breidde, i tillegg til rekrutteringsmoglegheit for privat sektor.

3. Næringsliv – framtidig sårbarhetsindeks


	Lokal handlingskraft/ utdanningsnivå	Geografisk plassering		Utanforskap i arbeidslivet	
		Arb.markn. integrasjon	Sentralitet	Arbeidsløyse	Uføregrad
Hyllestad	19	0,57	505	-	8,7
Solund	23	0,27	368	-	7,7
Askvoll	23	0,43	524	1,89	7,6
Fjaler	27	0,54	584	1,31	8,4

- Askvoll kjem ut litt under middels når det gjeld **utdanningsnivå** blant kommunane i Vestland. Utdanningsnivået fortel noko om handlingskapasitet og innbyggjarane si evne til å tileigne seg ny kunnskap. Dette fortel igjen om evne til omstilling og konkurransevne og for å sikre kvalitet i kommunalt tenestetilbod.
- Geografisk plassering i form av **arbeidsmarknadsintegrasjon** måler kor godt arbeidsmarknaden i ein kommune er integrert med arbeidsmarknaden utanfor. Høg integrasjon kan bidra til meir attraktive arbeidsmarknader for kompetanseintensive næringar. Askvoll kjem også her ut under middels.
- Mål på kommunen sin **sentralitet** er basert på reisetid frå alle grunnkretsar til arbeidsplassar og servicefunksjonar. Ein finn klare samanhengar mellom sentralitet og grad av næringsmessig sårbarheit. Kommunane i HAFS regionen er ikkje blant dei mest sentrale. Askvoll er i nivå 6 som er blant dei minst sentrale kommunane, men nær nivå 5, nest –minst sentrale kommunar. Over halvparten av kommunane i Noreg er i gruppe 5 og 6.
- Vekst og verdiskaping i kommunane er avhengig av høg deltaking i arbeidslivet. Høgare yrkesdeltaking i ein kommune vil kunne bidra til auka aktivitet gjennom meir fleirsidig kompetanse i næringslivet. **Arbeidsløyse** i Askvoll var i 2017 2,0 %. Det er relativt lågt samanlikna med snitt for landet, men mange andre kommunar i Vestland hadde lågare arbeidsløyse.
- **Uføregraden** er den delen av befolkninga som tek imot uføreytingar (varig uførepensjon, standardisert, snitt 2015-2017). Om ein høg del av befolkninga er ufør kan det dempe aktiviteten, på same måte som høg arbeidsløyse. Askvoll kjem ut litt over midten blant kommunen i Vestland.

3. Næringsliv – Handel

Omsettinga innan varehandel heng tett saman med folketalet i kommunane og det kringliggande handelsområdet. Førde kommune, no Sunnfjord, er ein av kommunane med størst handelsoverskot innan detaljvarer i Vestland fylke.


Omsetnaden per innbyggjar i Askvoll har gått noko ned frå 2017 til 2019, og vart passert av Fjaler i 2019.



Figuren syner omsetnad per innbyggjar i detaljhandel i perioden 2011 til 2019.
Kjelde: SSB, 2020.

Innan daglegvarer er dekningsgrada nøytral eller positiv i fleirtalet av kommunane i fylket. Dei fleste kommunar har eit handelstilbod for daglegvarer som er omfattande nok til at det ikkje er behov for å reise ut av kommunen for å handle.

Innan detaljvarer er det større skilnad i dekningsgrada kommunane imellom. I dei minste kommunane er tilbodet avgrensa og innbyggjarane handlar denne typen varer i andre kommunar.




Figuren syner dekningsgrad for Askvoll, Fjaler og Førde (gamalt fylke). Dekningsgrad er eit prosenttal, som viser omsetning i ein kommune i forhold til heile fylket (fylket har ein dekningsgrad på 100 prosent).
Kjelde: Rapport frå Vestland fylke, 2019.

4. Bustadutvikling

- Busetjingsmønster


Med eit areal på om lag 326 km² er Askvoll kommune ein under middels stor kommune. Men medrekna havareal er storleiken 1589 km², og Askvoll er då i øvre halvdel når det gjeld storleik på kommunane i Norge.

I Askvoll budde 743 av innbyggjarane i tettbyggt strøk i 2019. Det utgjorde 24,5 % av folketalet. Dette er svært lågt samanlikna med mange andre kommunar og syner at kommunen har ei spreidd busetting. 82 % av Noreg si befolkning bur i tettstader, og andelen aukar.



Del av befolkninga som bur i tettbygde område. Definert som område med «minst 200 personar der avstanden mellom husa normalt ikkje overstig 50 meter». Tal frå 2010 manglar. Kjelde: SSB.

- Korleis bur innbyggjarane?



Kjelde SSB (tabell 11038), 2019.



27,4 prosent

Av alle busette i kommunen bur på landsbrukseigedom (2018). I 2010 var talet 33,1 %.



2,27 personar


Bur i gjennomsnitt per husstand (2019) i Askvoll. I 2010 var talet 2,46 personar. Snitt for Norge i 2019 var 2,16.



6,4 prosent

Av innbyggjarane bur trengt (2019). I 2015 var talet 7,2 %. Snitt for Norge i 2019 var 10,3 %.

4. Bustadutvikling - Busetjingsmønster



Kartet syner at Askvoll har ei svært spreidd busetting. Administrasjonssenter og einaste tettstad er Askvoll.
Henta frå SSB, 2020.

4. Bustadutvikling


- Bustadstatistikk



340 fritidsbustader

Askvoll har i gjennomsnitt fått 11 nye fritidsbustader (hytter, sommarhus, heilårs- og våningshus) kvart år sidan 2000.

Andel som leiger bustad, 45 + år



Del personar over 45 år som leiger bustad er signifikant høgare enn landet som heilskap. Fleire studiar antydar at dei som eig eigen bustad har betre helse. Kjelde: FHI, 2020.


	2015	2016	2017	2018	2019
Byggesøknadar totalt	89	171	135	109	56
Del innvilga gj. vedtak om dispensasjon frå plan	32	30	55	-	-

Framtidig bustadbehov

Hordaland fylkeskommune har laga ein prognose for framtidig bustadbehov i Vestland fylke. Prognosen seier at det er behovet for 32 nye bustadar i Askvoll fram mot 2045 og at det er størst behov for fleire bustadar for einslege (60 stk.). Dette er ein svært usikker prognose, men seier noko om behovet om ein i framtida buset seg som i dag.

- Bustadbygging


Dei siste 10 åra har det i snitt blitt bygd 9,5 nye bustadar per år i Askvoll. I følgje Telemarsksforskning ligg HAFS kommunane noko under middels, men ingen har spesielt låg bustadbygging når ein tek i betraktning innbyggjartala i kommunane.



Figuren syner tal nye bustader bygd i kommunane i HAFS i gjennomsnitt dei 10 siste åra. Kjelde. Statistikk i Vest.

4. Bustadutvikling - Bustadattraktivitet


Netto tilflytting er mykje betre enn dei strukturelle føresetnadane skulle tilseie (innvandring, flyttemønster og arbeidsplassutvikling i regionen). Den faktiske nettoflyttinga er dermed mykje betre enn den venta nettoflyttinga, og tilseier at bustadsattraktiviteten i Askvoll er høg.



Tyding av struktur, fødselsoverskot og arbeidsplassvekst for nettoflytting i perioden 2009-2018. Kjelde: Telemarksforsking, 2019.

Positiv bustadattraktivitet i Askvoll i perioden 2010-2018

Positiv arbeidsvekst og høg bustadattraktivitet har gjeve ei positiv utvikling i netto flytting. Men i 2019 var bustadattraktivitet og arbeidsvekst negativ.



Drivkrefter for flytting, venta flytting, bustadattraktivitet og faktisk nettoflytting i Askvoll. Figuren syner 1-års-serie. Kjelde: Telemarksforsking, 2020.

5. Infrastruktur og samferdsle

Kommunale vegar

Eksisterande kommunale vegar krev vedlikehald og oppgradering. Nye kommunale vegar kjem til som følgje av utbygging, og medfører nye kostnader, særleg til vinterdrift. Totalt har kommunen over 80 km veg. Om lag 23 prosent av dei kommunale vegane er utan fast dekke.

Samferdsleprosjekt


Reguleringsplan for Atløysambandet er sendt på høyring, og skal vedtakast tidleg i hausen 2020.

Prosjekt med oppgradering av kommunale vegar på Værlandet (Kv93 og Kv95). Der er og forventningar om oppstart av vegprosjekt i Holmedal.

Trafikktryggingssplan vart revidert i 2018 og kommunen fekk tilskot til busslomme i Rivedal som er under arbeid.


	Askvoll		Kostragruppe 5		Landet elles utanom Oslo	
	2018	2019	2018	2019	2018	2019
Netto driftsutg. kommunale vegar	63.325	80.597	84.706	99.673	140.444	156.892

Kollektivtilbod




Figuren over syner kor mange del ungdomsskule-elevar som er nøgde med kollektivtilbodet der dei bur. Kjelde Ungdata undersøking, 2017.

Del knytt til kommunalt vassverk



Figuren syner kor mange personar som er knytt til vassverk som forsyner minst 50 personar i prosent av befolkninga. Kjelde: FHI, 2018.

Kvalitet på vassforsyning



Figuren syner hygienisk kvalitet og leveringsstabilitet. Askvoll hadde høg leveringsstabilitet (96,6 %). På hygienisk kvalitet manglar 12,2 % av data så det er grunn til å tru at totalresultat er betre. Kjelde: FHI, 2018.

5. Infrastruktur og samferdsle

Vatn og avløp

Nesten alle innbyggjarar knytt til det kommunale vassverket har tilfredsstillande kvalitet på vatnet. God tilgang til reint vatn er viktige del av kommunen sin for beredskap og tilfredsstillande VA-anlegg er ein føresetnad for all utbygging.

Sanering VA Prestemarka realisert i 2020. Der er behov for fleire saneringsprosjekt i Askvoll, Holmedal og Kvammen vil komme dei neste åra. I snitt er spillvassnett i kommunen som har ein kjent alder, på 48 år. Snittet for Kommune-Norge er 30 år.

Kommunal bygningsmasse

Kommunal tenesteyting er avhengig av tilgang på både tilstrekkelege og hensiktsmessige lokale. Kommunen skal kunne ivareta krav til inn klima, arbeidsmiljø, tryggleik og materielle verdiar.

Askvollheimen har eit behov for rehabilitering, dette gjeld både utvendig tak, glas og pasientrom. Er behov for å utarbeide ein plan for utbetring. Det same gjer Gjelsvik skule.

	Askvoll	Kostragruppe 1	Sogn og Fjordane	Landet elles utanom Oslo
Kommunalt disponerte bustadar per 1000 innbyggjar (tal) - 2019	30	34	26	21
Anel kommunale bustader tilgjengeleg for rullestolbrukarar (prosent) – 2019	73	58	57	54

Kommunale bustader og bustadsosialt behov.

Askvoll kommune disponerte 91 bustader i 2019. Kommunen kan få aukande behov for bustader og tenester til personar som treng hjelp til å mestre bu- og livssituasjonen. Utbygging av 8 nye omsorgsbustadar og nytt aktivitetssenter er under prosjektering og utbygging skal starte så raskt som mogeleg.


Det er viktig at kommunen i stor grad legg til rette for at innbyggjarane skal kunne greie seg sjølve og leve gode liv i eigen bustad.

6. Landskap, miljø og klima

- Arealbruk

Det samla arealet i Askvoll kommune er om lag 326 km². Av dette er om lag 60 %, 189 kvadratkilometer, open fastmark. Det er ein samlekategori som rommar eit stort spekter av både natur og kulturlandskap, men som av ulike årsakar ikkje definert som skog eller jordbruksareal. I overkant av 20 % er skog. Jordbruksareala i kommunen utgjer 24,4 km².

Områda som er utbygd til anten bustad, fritidsbygningar eller næring utgjer til saman 1,83 kvadratkilometer av arealet i kommunen.




Figuren syner arealbruken og arealressursar i Askvoll.
Kjelde: SSB, 2019.

- Dyrka mark og omdisponering

Samla jordbruksareal i drift i 2019 var 19.451 dekar.

Svært lite jordbruksareal i Askvoll har blitt omdisponert til andre føremål enn landbruk dei siste 5 åra (5,84 dekar per år 2015-2019). Godkjent nydyrka areal 2015-2019 var 140 dekar.




Figuren syner omdisponering av dyrka og dyrkbar jord alle føremål. Omdisponering etter jordlova og plan- og bygningslova. Kjelde: SSB, 2020.

6. Landskap, miljø og klima - Klimagassutslepp

Klimagassutsleppa i Askvoll auka med 6,9 % frå 2017 til 2018.


Sjøfart står for det meste av utsleppa, med over 75 %. Jordbruk er også ei stor næring og står for i underkant av 19 %. Vegtrafikk utgjer under 4 %, medan annan mobil forburning, oppvarming og avfall/avløp til saman utgjer i underkant av 2 %.



Utslippa har eining CO₂-ekvivalenter, som tyder at utslippa for kvar gass vert vekta etter gassen sitt globale oppvarmingspotensial (GWP). Regnskapet omfattar dei direkte, fysiske utslippa som skjer innanfor kommunen si geografiske grense. Klimagassene CO₂, metan (CH₄) og lystgass (N₂O) er inkludert. Kjelde: Miljødirektoratet, 2020.

Med store næringar innan sjøfart og jordbruk har Askvoll store totale klimagassutslepp per innbyggjar, over 2,5 gonger snitt per innbyggjar i Norge.


Norge er verdas fjerde største eksportør av olje og gass målt i CO₂-utslepp, og verdas nest største eksportør av olje og gass per innbyggjar. Norge har gjennom klimaavtala med EU forplikta seg om å redusere utsleppa med minst 50 prosent innan 2030 samanlikna med 1990-nivå. Norge skal vere eit lågutsleppssamfunn i 2050. Det inneber at utsleppa må reduserast med 80-95 prosent i løpet av tre tiår.



Figuren syner klimagassutslepp målt som tonn CO₂-ekvivalenter per innbyggjar i 2018. Kjelde: Miljødirektoratet, 2020.


6. Landskap, miljø og klima - Klimagassopptak

Naturen i Askvoll, med mykje open fastmark og skog, tek opp klimagassar. Ei berekning viser at skog og anna areal tok opp 17.310 tonn CO₂-ekvivalentar i 2015. Mengda er redusert med over 7400 tonn sidan 2010.



Figuren syner utslepp og opptak fra sektoren "skog og anna arealbruk". Negative tal betyr opptak av klimagassar, medan positive tal betyr utslepp. Skog tek til dømes opp karbon, medan omarbeiding av jord kan føre til utslepp. Kjelde: Miljødirektoratet, 2020.

- Mål for utslepp i Askvoll



Figuren syner klimagassutsleppa i Askvoll dei siste åra fram til 2017, samt mål for utslepp for 2030 og 2050 under føresetnad av at kommunen skal oppfylle sin del av dei nasjonale måla.

Grafane er ikkje justert for opptak av CO₂ i skog og anna arealbruk.

Kjelde: KBN (Den norske stats kommunalbank), tal frå 2017.

6. Landskap, miljø og klima

- Forventa klimaendringar for fylket



Årstemperaturen er berekna å auke med ca. 4 grader. Aukinga er størst for haust og vinter, og minst for sommaren. Vekstsesongen er venta å auke med 2-3 månader, mest i ytre kyststrok.

Årsnedbøren er berekna å auke med ca. 15 % med størst auke sommar og haust. Hendingar med kraftig nedbør aukar mykje i intensitet og førekomst, noko som vil stille større krav til handtering av overvatn i utbygde strok. Mindre bekkar og elver kan finne nye flaumvegar.

Skredfaren er sterkt knytt lokale terrengtilhøve. I bratt terreng vil klimautviklinga kunne gje auka førekomst av jordskred, flaumskred og sørpeskred som er knytt til regnskyll/flaum, snøfall og smelting.

Stormflo: Som følgje av havstigning vil stormflo-nivåret auke. Det tilrårde klimapåslag på stormflo-nivå er 57-75 cm.

Forventa klimaendringar for Sogn og Fjordane fram mot slutten av århundret (2071-2100). Kjelde: Miljødirektoratet og KBN, 2020.

Miljø- og klimautfordringar i høve planstrategi

«Kommunane, fylkeskommunane og staten skal gjennom planlegging og myndigheits- og verksemdsutøving stimulere til, og bidra til reduksjon av klimagassutslepp, samt auka miljøvenleg energiomlegging. Planlegginga skal også bidra til at samfunnet vert forbetra og tilpassa klimaendringane».

Kommunen bør tydeleggjere samanhengen mellom klima og energiplanlegging og samordna bustad-, areal og transportplanlegging.

6. Landskap, miljø og klima

- Klimarisiko for viktige næringer i Askvoll

Kommunen er avhengig av at næringslivet i minst mogleg grad vert råka av klimaendringane (fysisk klimarisiko) og samstundes klarar seg godt i overgangen til eit samfunn med lågt utslepp (overgangsrisiko).

Under er næringane i Askvoll som kan bli rørt av klimarisiko. Kommunen bør gjere ei vurdering av alvorlegheitsgrad ut frå lokale tilhøve og i dialog med det lokale næringslivet.

Fiske, fangst og akvakultur

Fysisk risiko: Auke i havtemperatur kan endre samansetning av artar, endringar i næringskjeda og fiskebestandane. Risiko for endringar i klima i land som produserer fiskefor.

Overgangsrisiko: Strengare regulering/høgare prising av klimagassutslepp.

Sjøfart

Fysisk risiko: Meir ekstremver.

Overgangsrisiko: Karbonprising, regulering av utslepp og strengare krav om alternative teknologiar for ferjedrift

Næringsmiddelindustri

Fysisk risiko: Ekstremvêr og endring i vêrmønster. Kan endre tilgang til råvarer og produksjon.

Overgangsrisiko: Endra konsumer åtferd.

Varehandel

Fysisk risiko: Utover lokalisering ingen openbare fysiske risikofaktorar


Overgangsrisiko: Redusert biltrafikk. Overgang til sirkulærøkonomi og auka resirkulering for detaljhandel.

Jordbruk

Fysisk risiko: Ekstremvêr og endring i vêrmønster. Risiko for meir erosjon, mengde og kvalitet på avlingar, spreiging av plante- og dyresjukdomar. Klimaendringar i andre land kan gje manglande tilgang til importerte råvarer.

Overgangsrisiko: Strengare reguleringar og endra konsumpreferansar

Kjelde: KBN, 2020.



7. Kommunal tenesteyting - Helse, pleie og omsorg

Helse- og omsorg det største tenesteområdet i kommunen, med 463,1 årsverk i 2019 og stod for 36,7 % av netto driftsutgifter av kommunen sine samla netto utgifter.



42.266 kr

Utgiftene til helse- og omsorgstjenester per innbyggjar i 2019. Det er under snitt for kostragruppe 5 (43.098 kr), men over snitt for fylket (38.432 kr). Utgiftene har auka med 2650 kr per innbyggjar frå 2018.



3.771 kroner

Utgiftene per opphaldsdøgn i institusjon var i fjor 3.771 kr. Det er under både snitt for kostragruppe 5 (4.070 kr) og fylket (3.928 kr).



0,52 årsverk

Per brukar av omsorgstjenester var i fjor. Det er under snitt for kostragruppe 5 (0,53) og snitt for fylket (0,6).



40,3 prosent

Av innbyggjarane nytta heimetenestetilbodet i Askvoll. Det er over snitt for kostragruppe 5 (37,1 %) og fylket (36,1 %).



9,2 prosent

Av innbyggjarane over 80 år bur på sjukeheim. Ein auke på 1,1 % frå 2018. Dette er eit stykke under kostragruppe 5 (13,6 %) og fylket (12,3 %).



13,3 legeårsverk

Per 10.000 innbyggjar i Askvoll i fjor. Det er under snitt for kostragruppe 5 (16,3 årsverk) og fylket (14,1 årsverk).



13,3 fysioterapiårsverk

Per 10.000 innbyggjar. Det er over snitt for kostragruppe 5 (12,1 årsverk) og fylket (9,7 årsverk).



111,8 kroner

Netto driftsutgifter per innb. (18-66 år) til tilbod til personar med rusproblem. Det er over snitt for kostragruppe 5 (42,7 kr), men under snitt for fylket (117,1 kr).

Kjelde: SSB, tal for 2019.

7. Kommunal tenesteyting

Helse, pleie og omsorg

Pluss

- Mange plassar i skjerma eining for demente på sjukeheim
- Mange sjukepleiarar med geriatrisk utdanning
- Mange som har matombringning
- Rask igangsetjing av vedtak i heimetenesta
- Mange som tek imot støttekontakt og omsorgsløn
- Tek imot alle utskrivingsklare pasientar.
- Mange med vidareutdanning i psykisk helsearbeid.
- Tal årsverk av psykiatriske sjukepleiarar er høgt.
- Gode på helseundersøking innan utgangen av 1. trinn.
- Alle nyfødte hadde heimebesøk innan to veker etter fødselen.
- Gode på vaksinasjonsdekning

Utfordringar

- Pasientane på sjukeheimen har relativt lita tid med lege
- Tildelar få korttidsopphald
- Brukarane innan omsorg får tildelt lite bistand til å delta på fritidsaktivitetar.
- behov for å danne eit demensteam og ein demensplan
- Utfordrande å drive planarbeid og revidere planane som eksisterer.
- Auka arbeidsmengd til fysioterapi grunna auka etterspurnad av oppfølging av barn og motorisk stimulering, spesielt frå barnehage og barneskule
- Det er fleire born og unge med «problemåtferd», slik at det er eit auka behov for støttesamtalar og rettleiing av foreldre. Det er ein generell auke i søknadar til psykiatrisk sjukepleieteneste
- Krevjande å oppfylle barselsreforma

Barnevern (interkommunal teneste)

Utfordringar:

- Relativt mange saker tar meir enn 3 mnd å behandle.
- Bemanninga av fagpersonale er noko lågare enn i snittet.
- Kommunane brukar meir midlar på førebyggjande helsetiltak for små barn, noko som i teorien kan redusere behovet for tiltak seinare.
- Statistikk for del barn med utarbeida omsorgsplan er dårleg
- Det er ikkje gjennomført brukarundersøking dei siste 4 åra

Sosialteneste

Utfordringar:

- Brukarar av sosialtenester som treng økonomisk stønad har ofte samansette problem. Det kan vere gjeld eller helseutfordringar
- Tal på mottakarar av økonomisk sosialhjelp er signifikant under snitt for landet og fylket. Del mottakarar i aldersgruppa 30-44 år er noko høgare og på nivå med fylket.
- Mange av dei som får sosialstønad mottar den i minst 6 månadar eller meir. Her det nedgang frå 2018 til 2019.
- Tal brukarar som har sosialhjelp som viktigaste inntektskjelde er høg.

Følgjande utfordringar påverkar behova framover:

- Del eldre vil auke
- Fleire overlever alvorleg sjukdom, og fleire får kroniske livsstilsrelaterte sjukdomar. Det krev behandling av desse, samtidig som vi ein har eldre pleietrengande og behov for rehabilitering og pleie i avslutning av livet.
- Fleire oppgåver vert flytta frå sjukehus til kommunen
- Psykiske helseutfordringar aukar i befolkninga.
- Auke i utfordringar når det gjeld psykisk helse hjå barn og ungdom og deira familiar.

Kjelder: Kommunebarometeret 2019 og årsrapportar Askvoll kommune.

7. Kommunal tenesteyting

- Oppvekst

Oppvekst (grunnskule, barnehage og kulturskule) er det nest største tenesteområdet i kommunen, og stod for om lag 30 % av utgiftene i 2019.

I 2019 var det 323 elevar fordelt på dei fire grunnskulane i Askvoll, pluss om lag 40 elevar ved Holmedal Montessoriskule. I dei fem barnehagane var det til saman 140 born i 2019.

Alle barnehagane oppfylte krava til grunnbemanning, og skulane kravet til lærartettleik.



87,3 prosent

Av barn 1-5 år i Askvoll går i barnehage i forhold til innbyggjarar 1-5 år. Det er litt under snitt for kostragruppe 5 (89,5 %) og fylket (94,5 %).



168.513 kroner

Netto driftsutgifter i barnehage per innbyggjar 1-5 år. Det er under snitt i kostragruppe 5 (177.698 kr) og snitt for fylket (173.561 kr)



11,1 prosent

Netto driftsutgifter for barnehagane i prosent av kommunen sine samla netto driftskostnader. Det er over snitt for kostragruppe 5 (9,7 %), men under snitt for fylket (12,4 %).



4,5 prosent

Del barn som får spesialpedagogisk hjelp i barnehagealder i forhold til alle barn. Det er over snitt for kostragruppe 5 (3,7 %) og snitt for fylket (3,8 %).



5,2 born

Per årsverk til grunnbemanning. Det er over snitt for kostragruppe 5 (5,0 born), men under snitt for fylket (5,5 born).



152.989 kroner

Netto driftsutgifter grunnskulesektor i prosent av kommunen sine samla netto driftskostnader. Det er under snitt for kostragruppe 5 (157.642 kr), men over snitt for fylket (141.804 kr).



24,2 prosent

Netto driftskostnader i grunnskulesektor i prosent av samla netto driftskostnader. Det er over kostragruppe 5 (21,5 prosent) og fylket (23,8 %).



211,2 årstimar

Til spesialundervisning per elev. Det er over snitt for kostragruppe 5 (174,2 timar) og fylket (148,2 timar).

Kjelde: SSB, tal for 2019.

7. Kommunal tenesteyting

- Oppvekst



33,6 prosent

Elevar i SFO. Det er 3,2 % færre enn i 2018. Det er under snitt for kostragruppe 5 (43,1 %) og fylket (51,4 %).



53,4 prosent

Av elevane i kommunen har skuleskys. Det er fleire enn i kostragruppe 5 (52,1 %) og i fylket (33,5 %).



82,8 prosent

Av elevane er på mestringsnivå 3-5 i nasjonale prøvar i lesing 8. trinn. Det er over snitt for kostragruppe 5 (71,4 %) og fylket (78 %).



79,3 prosent

Av elevane er på mestringsnivå 3-5 i nasjonale prøver i rekning 8. trinn. Det er over snitt for kostragruppe 5 (65,2 %) og fylket (74,9 %).



9,5 prosent

Av grunnskuleelevane får spesialundervisning. Det er over snitt for kostragruppe (9,2 %) og fylket (8,9 %).

Kjelde: SSB, tal for 2019.

Utfordringar

- Fellestenesta for oppvekstetaten er liten i høve oppgåvene teneste er sett til å løyse innan administrasjon, fagutvikling og leiing. Skule- og barnehageeigar skal også ha ei aktiv rolle i å kvalitetssikre og utvikle tenestene. Å imøtekomme forventningar om meir planarbeid og fagutvikling både internt og på tvers er krevjande.
- Ein relativt stor del av lærarane i barneskulen som underviser i norsk, engelsk og matte fyller ikkje dei nye kompetansekrava.
- På ungdomsskulen er det om lag halvparten av lærarane i matematikk, engelsk og norsk som fyller krav til fordjuping i faga. Kommunen har satt mål om kompetanseheving i tråd med nye krav.
- Relativt mange har behov for og får spesialundervisning både i barnehage og skule.
- Høgt sjukefråvær i barnehagane.

Kjelder: Kommunebarometeret 2019 og årsrapport Askvoll kommune.

7. Kommunal tenesteyting

- Kultur



1205 kroner

Netto driftsutgifter til kultursektoren per innbyggjar. Det er under halvparten av snittet i kostragruppe 5 (2.846 kr) og fylket (2.149 kr).



1,6 prosent

Netto driftsutgifter i prosent av kommunen sine samla netto driftskostnader. Snitt for kostragruppe 5 er 3,3 % og for fylket 3,5 %.



31,7 prosent


Av alle born mellom 6 og 15 er med i kommunen sin kulturskule. Det er over snitt for kostragruppe 5 (38,8 %) og fylket (27,7 %).



5.831 bøker

Var lånt ut på biblioteket. I 2019 opna biblioteket bok-i-butikk tilbod i Joker Kvammen og bibliotek på helsestasjonen.

Kjelde: SSB, tal for 2019.



Figuren syner kulturindeks for Askvoll i 2018.

Kjelde: Telemarksforsking, 2019.

I 2019 var Askvoll rangert som nr 278 i landet og som nr 20 i Sogn og Fjordane. Kommunen har hatt ei negativ vekst i kommunale løyvingar til kulturlivet i perioden 2008-2018.

Kommunen presterer høgt på kunstnarisk produksjon og lågt på sysselsette innan kulturell og kreativ næring. Ein scorar også under snittet på kommunale tenester som bibliotek og kino. Kommunen scorar også lågt på frivilligheit, men idrett og friluftsliv er ikkje er ein del av denne statistikken. Kjelde: Norsk kulturindeks Sogn og Fjordane

7. Kommunal tenesteyting - Kommuneøkonomi

Netto driftsresultat var 0,2 prosent i 2019. Teknisk berekningsutval anbefaler ein pluss på 1,75 %. Målt over dei siste fire åra (2015-2018) har driftsmarginen vore solid.



-0,2 prosent

Netto driftsresultat i 2019. Snitt for kostragruppe 5 er 0,9 % og for fylket 0,2 %.



41,7 prosent

Netto renteekspontert gjeld i prosent av brutto driftsinntekter. Opp frå 37,1 % i 2018. Snitt for kostragruppe 1 er 27,3 % og fylket 58 %.



11,7 prosent


Brutto investeringsutgifter i prosent av brutto driftsinntekter. Opp frå 9,6 % i 2018. Snitt for kostragruppe 5 er 20,6 % og fylket 14,8 %.



84.083 kroner

Kommunen si lånegjeld per innbyggjar. Opp frå 77.309 kr i 2018. Snitt for kostragruppe 5 er 78.214 og fylket 100.773 kr.

Utgifter etter utvalde områder, 2019



Kjelde, SSB, tal for 2019.

7. Kommunal tenesteyting

- Fleire nøkkeltal



107.928 kroner

Kommunen sine brutto driftsutgifter per innbyggjar. Det er under snitt for kostragruppe 5 (121.835 kr) og fylket (108.856 kr).



107.738 kroner

Kommunen sine brutto driftsinntekter per innbyggjar. Det er under snitt for kostragruppe 5 (120.908 kr) og fylket (108.016 kr).



12 prosent


Askvoll har ein ganske stor sum pengar på «bok» i form av disposisjonsfondet (12 prosent i 2018). Disposisjonsfondet er ikkje ein fysisk bankkonto, men ein storleik i rekneskapet som har stor betydning for handlingsrommet i budsjettet.

Kjelde: SSB, tal for 2019.



Sjukefråværet i Askvoll kommune var i 2019 relativt høgt samanlikna med andre kommunar.

Vi kan vise til nedgang i sjukefråvær der vi i lag med arbeidsplassen har jobba ekstra med dette. Denne type satsing vil det bli meir av framover. Vi prøver å starte oppfølging tidleg i prioriterte saker for å redusere tilgangen på nye AAP saker og ser resultat av dette.



8. Hovudtrekk – Utfordringsbiletet i Askvoll

For å gjere hovudfunna frå arbeidet med kunnskapsgrunnlaget lettare tilgjengelig presenterast eit samandrag av desse. Utfordringane dannar grunnlaget for kva ein bør diskutere av planbehov og kva vi bør prioritere å gjere i Askvoll dei neste åra.

Demografisk utvikling:

- Befolkningsutviklinga er knytt til skeiv alderssamansetnad og fråflytting
- Vi har ein høg del innbyggjarar i alderen 70 år og eldre
- Askvoll har ganske stabile fødselstal, men går i fødselsunderskot
- Det er venta at den skeive alderssamansetnaden vil auke og at det vert fleire eldre sett i høve til personar i yrkesaktiv alder
- Vi har også ein låg del i yrkesaktiv med høgare kompetanse/utdanning samanlikna med landet
- Kommunen er avhengige av innflytting for å klare å halde folketalet stabilt

Folkehelse og levekår:

- Dei økonomiske skilnadane aukar. Helse og deltaking i samfunnet er område som blir råka negativt av auka sosial ulikskap
- Tal på born frå hushald med vedvarande låg inntekt har vakse
- Talet på dei som ikkje fullfører vidaregåande skule har auka
- Det kan sjå ut til å bli fleire born som har ekstra utfordringar
- Tal på ungdommar som er plaga av einsemd er stort
- Trivsel på skulen har gått ned

Næringsliv og sysselsetting:

- Låg arbeidsplassvekst dei siste ti åra og relativt få nyetablerte verksemder
- Enkelte verksemder har vanskar med å rekruttere relevant arbeidskraft
- Få kompetanseintensive næringar med behov for arbeidstakarar med høgare utdanning
- Noko lite mangfald blant bedriftene gjer det utfordrande å tiltrekke seg nye innbyggjarar og skaffe arbeid til to
- Lite variasjon i næringslivet og mange sesongbaserte næringar gjer kommunen sårbar for endringar
- Handelslekkasjen ser ut til å auke då dekningsgrada i varehandel har gått ned
- Koronapandemien kan som følgje av pålagde tiltak skade delar av næringslivet både på kort og lang sikt

Infrastruktur og samferdsel:

- Spreidd busetjing, øysamfunn og relativt store avstandar fører med seg mykje transport
- Eit lite frekvent kollektivtilbod med buss og ferje og eit sårbart flytilbod
- Oppretthalde standard, utbetre og vedlikehalde vegane
- Eit relativt stort behov for oppgradering av vatn- og avlaupsanlegg
- Auke attraktiviteten til sykkel, gonge og kollektiv

Areal, utbygging- og bustadstruktur

- Svært spreidd busetting og få som bur i tettbygde område gjer det krevjande å oppretthalde det kommunale tenestetilbodet og har negative konsekvensar for klimaet
- Arealdisponering med tanke på kulturminner og naturverdiar. Sikre ein god balanse mellom bruk og vern av naturområda
- Behov for ein tydeleg kunnskapsbasert arealpolitikk og arealstrategi som veg behovet for utvikling mot forvaltning og vern av arts- og naturmangfald, landskaps,- og friluftsverdiar og kulturminneverdiar
- Mangel på attraktive og byggjeklare tomter i delar av kommunen
- Det er lite mangfald i bustadtilbodet og behovet for fleire bustadar med ulik storleik og fasilitetar kan sjå ut til å auke

Klimaendringar og klimatilpassing

- Redusere klimagassutslepp og lokal forureining. Om vi skal redusere klimagassutsleppa må vi omstille samfunnet
- Næringslivet har ei viktig rolle då mesteparten av klimagassutsleppa kjem frå sjøfart, vegtransport og industri
- Det er venta at auke i nedbørsmengda vil auke faren for jord-, flaum- og skred
- Som følgje av havstigningsnivå er det venta ei auke i stormflo
- Hyppigare ekstreme naturhendingar i form av styrtregn, flaum, ras og skred kan påverke kritisk infrastruktur, natur- og kulturmiljø
- Klimaendringar kan spele inn og påverke tilhøva og kostnader for fleire naturbaserte næringar
- Tilpasse busetnad og infrastruktur til klimaendringane

Kommunal tenesteyting og forvaltning:

- Fleire oppgåver og større ansvarsområder
- Tilpasse tenestetilbod til kommunen sine økonomiske rammer

Ressursar og mogelegheiter:

- Trygge og gode lokalsamfunn med høg trivsel
- Eit breitt frivillig kulturliv og stor frivillig innsats er ein ressurs og er med å byggje attraktive lokalmiljø
- Bra idretts- og nærmiljøanlegg
- God tilgang til natur- og rekreasjonsområde som ved bruk er helsefremjande for befolkninga
- Aktive og varierte kulturtilbod er viktig for busetjing og trivsel
- Naturmangfaldet har god tilstand
- Spreiddbygt bustadmønster kan også vere eit fortrinn for kulturlandskap og reiseliv
- Høg bustadattraktivitet
- God breiband/fiber utbygging
- Unike naturområder og rik kulturarv som gjev grunnlag for eit sterkt reiseliv og meir heilårsturisme
- Mange reiselivsaktørar kan skape verdier gjennom kopling av reiseliv, arrangement, kulturarv og næring
- Askvoll har eit sterkt miljø innan marin og maritim næring. Innovasjon innan marin sektor kan gje nye mogelegheiter
- Potensialet for auka grøn og lønsam eksport er særleg stort for maritim industri, sjømat, fornybar energi og prosessindustrien
- Lokal matproduksjon bidreg til grøn konkurransekraft ved å sikre matjord for framtida, redusere utslepp, tek i vare kulturlandskap og gjev sysselsetting

9. Forslag til tema og satsingsområder for kommunen sitt planarbeid

Med utgangspunkt i berekraftsmåla, lokale utfordringar og regionale og nasjonale føringar er det fire områder som bør stå sentralt i kommunalt planarbeid i komande kommunestyreperiode:

- a) Attraktive lokalsamfunn og gode nærmiljø
- b) Næringsliv og verdiskaping
- c) Klimaendringar og –tilpassingar
- d) Folkehelse: Sosial utjamning, trivsel og mestring for flest mogeleg



1. Attraktive lokalsamfunn og gode nærmiljø

- Attraktivitetstiltak, dvs. stadutvikling og tiltak for å tiltrekke og behalde innbyggjarar er kanskje det viktigaste innsatsområdet for næringsarbeidet og samfunnsutviklinga
- Det er behov for ein aktiv kommunal bustadpolitikk. Askvoll må utnytte at mange har lyst til å bu i vårt område. Ein kommune som tek heilskapleg grep om bustadtilbodet og ei aktiv rolle i samfunnsutviklinga har størst føresetnader for å lukkast.
- Mangel på bustadar både for eige og leige, samt attraktive og byggjeklare tomter kan skape fråflytting og hindre auka tilflytting
- Askvoll kommune har høg bustadattraktivitet og bør ha som mål å ha dei mest attraktive tomtane i regionen
- Dei gode buområda med pendling på inntil ein time bør synleggjerast betre. Kommunen må også formidle tilgjengelige areal og leggje til rette for eit mangfald i bustader i samråd med private. Samt tilby god rettleiing og bistand i søkeprosessen
- Utvikling av kultur og identitet ved å leggje til rette for samarbeid. Forbetringar på mange felt og områder samstundes kan betre omdøme og auke attraktiviteten for bustad, næring og besøk. For å bli attraktiv må ein plass gjere noko meir eller smartare enn tidlegare og kva andre gjer
- Bygdemobilering der ein stimulerer stadutvikling i kommunesenteret og lokalt mobilliseringsarbeid i regi av grendalag og velforeiningar i dei mindre bygdene er viktig for å skape ein felles utviklingskultur

2. Næringsliv og verdiskaping



- Eit lokalsamfunn som skapar verdiar og utvikling i lokalsamfunnet over tid og som opprettheld eit godt velferd- og tenestetilbod
- Askvoll kommune skal vere ein attraktiv stad å drive, utvikle og etablere berekraftig næringsverksemd. Tilgjengelege og attraktive næringsareal er viktig.
- Ungdom må bli kjent til arbeidsmarknaden og moglegheitene i lokalmiljøet
- Kommunen bør leggje til rette for økonomiske verkemidlar (t.d. næringsfond) for å styrke arbeidet overfor etablerarar og eksisterande næringsliv
- Lokalt/regionalt destinasjonsselskap. Forbetringar på mange områder skapar betre omdøme.
- Fokus på å skape arbeid, både for eksisterande og nye innbyggjarar, med ulikt utdanningsnivå ser ut til å kunne bidra til meir mangfald og vil vere eit meir robust næringsliv for framtida
- Styrke det næringsrelatert samarbeidet i kommunen og på tvers av kommunegrensene. Samarbeid mellom bedrifter, det offentlege og andre private aktørar for å skape utvikling og verdiskaping er ein viktig faktor.

3. Klimaendringar og –tilpassingar



- Eit lokalsamfunn som tek miljøomsyn, sikrar miljø- og naturressursar mot nedbygging og forureining og bidreg til å førebygge klimaendringar
- Regjeringa forventar at berekraftsmåla blir ein del av grunnlaget for samfunns- og arealplanlegginga. Kommuneplanarbeidet må mellom anna omfatte det særmerkte landskapet i Askvoll, dei spesifikke klimautfordringane, forvaltning av særmerkte naturtypar, vilkåra for landbruksdrift, ferdsel og friluftsliv, forvaltning av kystkulturen og øykulturen.

- Klimatilpassing i høve nedbør, flaum og overvatn
- Eit klima- og miljøvenleg utbyggingsmønster fører til at transportbehovet vert avgrensa, reduserer klimagassutslepp og sparar verdifulle areal
- Vektlegge å redusere miljøbelastninga og fremje berekraftige og klimavenlege løysingar ved offentlege innkjøp på produkt og tenester

4. Folkehelse: Sosial utjamning, trivsel og mestring for flest mogeleg



- Eit lokalsamfunn som gjer innbyggjarane lik tilgang til sysselsetting, kultur, eigna bustader, og gode bumiljø, utdanning, tryggleik og deltaking i lokalsamfunnet.
- Tidleg, tverrfagleg og rett innsats i heile oppvekstløpet blir særst viktig for å gje borna meistring og motivasjon til utdanningsløpet og livet som står føre
- Vidare satsing på sosial kompetanse og grunnleggande ferdigheiter i barneskule og grunnskule
- Satse på tiltak og tenester som aukar innbyggjarane si mogelegheit for eigen meistring
- Fremje aktiv og sunn aldring og legge til rette for at alle får brukt sine ressursar som grunnlag for livskvalitet og meistringsfølelse, uavhengig av alder
- Ei aldrande befolkning gjer det naudsynt å planlegge og utvikle meir aldersvenlege samfunn med helsefremjande og universelt utforma bumiljø